

Holmedal montessoriskule

Årsmelding for 2013

Holmedal montessoriskule har vore i vanleg drift heile kalenderåret. Tilsette har vore: Rektor: Oddveig Lyngstad. Lærarar: Dagny Sagosen Haugsvær, Olga Ask, Ann Mari Søreide, Liesbeth Fokker, Ank de Jong, Even Bøthun, Ingvild Søggen, Henny Vågane (lærer/kontormedarbeidar), Miriam Torillsdatter Harbo (ass.), Elin Vågen (lærer/ass.), Helga Carlsen (ass.) og Torbjørg Aasen (ass). Øyvind Selvik er leigd inn som musikk lærar gjennom kulturskulen. Reinhaldar: Synnøve Krogenes. Bjarte England har hatt godtgjersle for noko vaktmeisterarbeid. Even Bøthun sa opp stillinga si med verknad frå 1. januar, og er etter det engasjert i 10,25 % timelærarstilling (kunst og handverk).

Styret har vore: Gaute Losnegård (leiar), Gry Losnegård Hansen (nestleiar), Synnøve Rivedal, Lasse Stenseth (foreldrerepresentant) og Veronica Sandnes (foreldrerepresentant). Vara: Ann Kristin Torsheim Ask og Alf Karsten Tveit. Representant for pedagogisk personale i styret: Ank de Jong. Representant for anna personale: Henny Vågane. Representant for elevrådet: Emilie Vagstad Eimhjellen (skuleåret 2012/2013), Trygve Johan Nyhaug (skuleåret 2013/2014). Valnemnd: Marianne Furevikstrand og Siv Tønder. Styret har hatt 8 møte i løpet av året og handsama 33 saker.

Elevtalet var 36 våren 2013. Ved søknadsfrist, 1. februar, var det meldt inn 9 elevar (7 til 1. trinn). 8 elevar (5., 6. og 7. trinn) skulle flytte over til Askvoll skule/flytte frå kommunen. På vårparten vart Stongfjorden skule nedlagt, og dei fleste foreldra valde å flytte borna sine til oss (7 elevar). I desember slutta ein elev, pga flytting frå kommunen. I januar starta tre nye elevar i 3. og 6. trinn, slik at elevtalet frå januar 2014 er 46. Styret vedtok i september at talet på elevplassar vart sett til maksimalt 46 for resten av skuleåret. Dette for å sikre at det vart plass til førsteklasingar hausten 2014 sidan det ikkje går ut sjuandeklasingar dette året.

Skulen var skuleåret 2012/2013 delt i tre (1.-3. trinn utgjorde gruppe 1, 4.-5. trinn gruppe 2 og 6.-7. trinn gruppe 3). Frå skuleåret 2013/2014 har skulen igjen vore delt i to (1.-3. trinn utgjør gruppe 1 og 4.-7. trinn gruppe 2). Skulen har gjeve tilbod om leksehjelp, og hatt SFO-ordning 3 dagar i veka skuleåret 2012/2013 og 4 dagar i veka skuleåret 2013/2014 + sommarferien. Skuleåret 2013/2014 har vi også hatt gratis kulturskuletime med kunsttilbod til 1. – 4. trinn.

Alle fast tilsette lærarar har tilleggsutdanning i montessoripedagogikk. To lærarar er i gang med tilleggsutdanning for 9 – 12 år, og vil fullføre dette i løpet av hausten 2015. Den eine av desse har frå før av utdanning for 6 – 9 år. Ein tilsett er også i gang med vidareutdanning i norsk; lese- og skriveopplæring.

Skulen hadde i august skriftleg tilsyn frå Utdanningsdirektoratet. Vi har motteke endeleg rapport frå Utdanningsdirektoratet, og dei har ingen merknader.

Skulen arrangerte 20. og 21. april landsmøte for Norsk Montessoriforbund med over 40 tilreisande deltakarar. Både tilsette, foreldre og elevar gjorde eit stort arbeid med dette og fekk vellæte tilbake for eit godt organisert møte.

Skulen har elles hatt open skule og julemarknad slik som tidlegare år. 25. og 26. mai blei det halde loppemarknad med dugnadsinnsats frå foreldra. Skulen har dessutan hatt vanlege dugnader vår og haust der ein blant anna har beisa ballbingen og arbeidd vidare med å byggje hønsehus.

For styret ved Holmedal montessoriskule
Gaute Losnegård, leiar